

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

**Avdeling for Samferdsel**

**BERGEN**

**VEDR. HØYRING -FORSLAG TIL NY FORSKRIFT MED  
MILJØKRAV FOR SELSKAPSVOGNNÆRINGA I HORDALAND.**

Hommedal Taxibuss AS er eit selskap med to selskapsvogner.

Desse to bilane vert om sommarhalvåret nytta til turkøyring over heile vestlandet. Turane er som oftast langturar over mange dagar for å oppleva det vakre fjordlandskapet. Me har sikta oss inn mot den eksklusive og luksuriøse delen av turistmarknaden. Dette er kundar som har store krav og forventingar til både sjåførar og køyretøy. Ein typisk tur kan for eksempel starte i Bergen og slutte i Kristiansund. I løpet av 2019 endar me opp med om lag 200 dagar på tur for dette kundesegmentet. Stundom får me også turar som går over endå lengre tidsrom og distanse. Seinast i juni 2019 hadde me til dømes ein tur over tre veker tur / retur Kirkenes. Me har også tidlegare hatt turar til Finnmark.

Ei anna kundegruppe me har hatt mykje køyring for dei siste åra, er yachtar som har vitja fjordane. Desse er avhengig av eksklusive køyretøy når dei køyrer rundt på land. Denne køyringa medfører ofte mykje venting, gjerne på lokasjonar som er noko avsides, då desse verdset privatliv høgt og vil opphalde seg mest mogleg avskilt frå dei store folkemengdene.

På vinterstid har me ein god del køyring for skianlegget i Myrkdalen. Dette er ofte transferkøyring til og frå Bergen Lufthamn, som oftast med utanlandske skituristar. I tillegg har me køyring for turistar som ynskjer å vitja verdsarvområdet i Nærøyfjorden og Flåm.

I dag har me to stk. Mercedes Benz V-Klasse Diesel med firehjulstrekk. Dette er bilar av topp standard og tilfredsstiller våre kundar sine krav og forventingar.

Me er klar over at det kjem ein ny Mercedes V-klassen som el-bil, men då utan firehjulstrekk. Oppgitt køyrelengde på desse bilane er 400km. I samtale med forhandlar har me fått opplyst at desse bilane, med last, maksimum kan greie 250-300 km på vestlandsvegar.

Førebels finst det ikkje nokon anna el-bil av høg standard og med god nok kapasitet for vår kundegruppe på marknaden.

Tettleik av ladestasjonar er därleg i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og vidare oppover til Finnmark. Me trur heller ikkje ladestasjonar er godt nok utbygd i distrikta om fire år, slik at det er godt nok for vårt behov. Me legg merke til at Sogn og Fjordane er unnateke denne forskrifta.

Me opplever på turistpunkt/hotella at det er veldig mange som kører ulovleg i driver/guide marknaden. Stadig observerer me sjåførar av utanlandske bilar eller leigebilar, som heilt tydeleg ikkje transporterer innanfor lovverket. El-bil forskrifta, vil diverre medføre at dei som driv lovleg innanfor denne marknaden vert skadelidande. Det kan vera risiko for at ulovlege aktørar tek køyring frå dei lovlege aktørane.

### **Utfordringar for Hommedal Taxibuss AS med el-bil forskrifta:**

- Er ikkje nok ladestasjonar i dei områda me kører.
- Kjem for kort strekning mellom ladingane, vert mykje venting for kunden.
- Får ikkje el-bilar med firehjulstrekk av høg nok standard. Dette kan særskilt by på problem vinterstid for vår køyring i Myrdalen og på fjellovergangar.
- Ulovlege aktørar får eit konkurransefortrinn

Slik stoda er no, er ikkje utviklinga kome langt nok til at me gjennom å nytta el-bil kan dekkje kundens behov. Me vil difor be om at det i forskrifta vert teke inn at ein kan få fritak.

Fritak kan innvilgast på ovannemnde grunnlag.

Med venleg helsing,

Knut Hommedal,

Dagleg leiar

Hommedal Taxibuss AS